

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 28.09.2006
Sakhandsamar: Hilde Rudlang
Saka gjeld: **Tertialrapport på bestillardokumentet 2. tertial 2006**

Arkivsak 0

2006/210/123

Styremøte 11.10. 2006

Styresak 088/06 B

Bakgrunn:

I følge bestillardokumentet for 2006 frå Helse- og omsorgsdepartementet skal Helse Vest RHF rapportere tertialvis på nokre utvalde styringskrav.

Vedlagt legg ein her fram tertialrapportering på bestillardokumentet for 2. tertial 2006.

Kommentarar:

Dei styringskrava som Helse Vest RHF skal rapportere på tertialvis, går fram av vedlegg 1 til bestillardokumentet.

Ifølge styringsdokumentet for 2006 frå Helse Vest RHF til helseføretaka, skal dei sende inn opplysningar på dei utvalde rapporteringspunkta kvart tertial.

Den vedlagte rapporteringa er basert delvis på tilbakemeldinga frå helseføretaka, delvis på tal rapportert på regionale og nasjonale kvalitetsindikatorar og delvis på aktivitetar i regi av Helse Vest RHF.

Forslag til vedtak:

Styret oversender vedlagte tertialrapportering på bestillardokumentet for 2. tertial 2006 til Helse- og omsorgsdepartementet.